

# Retningslinjer for arrangement på Kyrkjetunet 2020

– førebygging av smitte under Covid-19 epidemien.

**Regjeringa har nå opna for arrangement med inntil 50 personar til stades. Me ynskjer derfor å opne forsiktig opp for at folk igjen kan samlast på Kyrkjetunet. Det er viktig at dette vert gjort i hht retningslinjene frå FHI og med tanke på å redusere faren for smittespreiing.**

Det er arrangøren av det enkelte arrangement som er ansvarleg for at retningslinjene vert fylgde. Som eit minimum må desse prinsippa fylgjast:

## 1. Sjuke personar kan ikkje delta på arrangementa.

Personar som har symptom på luftvegsinfeksjon eller er i karantene kan ikkje delta på arrangementa.

Frivillige og deltakarar skal informerast om at dei skal melde frå til arrangøren dersom dei utviklar sjukdom etter 1-2 dagar.

## 2. God hygiene

Det må leggjast til rette for handhygiene, enten ved lett tilgjengeleg handvask eller handdesinfeksjon for frivillige og deltakarar

- Spritdispenser godt synleg ved inngangen
- Halde eine toalettdøra open slik at folk kan vaske hendene utan å ta i døra
- Sørge for at det er nok papirhandkle på toaletta
- Alle dørhandtak og andre kontaktflater (bl.a. toalett og vaskar) må vaskast og spritast før og etter arrangementet
- Unngå handhelsing, klemming og fysisk kontakt
- Host i albuekroken eller i papir som vert kasta. Vask hender etterpå.

## 3. God avstand og minst mogleg fysisk kontakt

Det skal leggjast til rette for ein avstand på minst 1 meter mellom personar.

Kravet om avstand gjeld ikkje personar frå same husstand

Ta ekstra omsyn til avstand ved song.

Servering skal ikkje finne stad

Ved utdeling av nattverd skal det nyttast eingongshanskar

## 4. Minst mogleg felles bruk og berøring av inventar og utstyr

Instrument, mikrofonar, bøker mm skal ikkje delast og ikkje rørast av andre enn den som skal nytte det.

Slik utstyr må gjerast reint med sprit etter bruk

Songbøker må ikkje nyttast – Bruk projektor

## 5. Registrering av frammøtte

For å kunne gjennomføre effektiv smittesporing er det viktig at arrangøren held oversikt over kven som har delteke på arrangementet. Deltakarane må opplysast om at det vert ført namneliste. Listene må slettast etter 30 dagar. Må innehalde namn og telefonnummer.

Me minner om at unntakstilstanden ikkje er over og ber om at dette vert spegla i annonsering av arrangement ved at det vert vist til gjeldande smittevernreglar. Sjekkliste for reinhald må også fyllast ut og oppbevarast av ansvarleg arrangør.